

Saksbehandlar: Elisabet Skrede, Tannhelsetenesta
Sak nr.: 16/5415-35

Endring i forskrift for dekking av skyssutgifter for pasientar i den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Dekking av skyssutgifter for pasientar i den offentlege tannhelsetenesta gjeld berre dersom pasienten ikkje får dekka reisa på anna måte.
2. Tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane dekkjer skyssutgifter for prioritert klientell i gruppe A (barn og ungdom frå fødsel t.o.m. det året dei fyller 18), gruppe B (psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjon) og gruppe C2 (eldre, langtidssjuka og uføre med kommunal heime-sjukepleie), jf. lov om tannhelsetenesta. Ordninga inngår ikkje i frikortordningar, og søknader om skyssrefusjon skal handsamast av den offentlege tannhelsetenesta.
3. Det er den rimelegaste reisemåten (buss, båt) som vert dekka. Bil kan nyttast dersom helse-tilstanden til pasienten eller rutetider for offentlig transport tilseier at dette er mest hensiktsmessig.
4. Pasienten/ føresette må sjølv betale reisekostandane og få refundert desse i etterkant.
5. Eigenandelen på kr. 1000,- er per kalenderår.
6. Ved bruk av privat bil vil taksten pr. km følgje Helsenorge.no sin standardsats for transport, fastsatt årleg av Stortinget.
7. Overnatting vert ikkje dekka.
8. Utlegg for følgje etter at pasienten har fylt 12 år blir ikkje dekka.
9. Tapt arbeidsforteneste for ledsagar vert ikkje dekka.
10. Søknad om dekking av reiseutgifter må vere innsendt innan utgangen av året.
11. Fylkesutvalet er klageinstans.
12. Forskrifta tek til å gjelde frå 1. januar 2017.

Vedlegg:

1. Dekking av skyssutgifter for pasientar i den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane, jf. FT sak 61/10
2. Eksempel på reiseutgifter for pasientar
3. Forskrift om dekking av skyssutgifter for pasientar i den offentlege tannhelsetenesta, Sogn og Fjordane, gjeldande frå 01.01.2017.
4. Ev. høyringsinnspel. Det som måtte kome inn vert framlagde overfor fylkestinget.

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Fylkestinget (FT) vedtok i sak 25/16 at Sogn og Fjordane fylkeskommune skal revidere forskrifta for dekking av skyssutgifter for pasientar i den offentlege tannhelsetenesta. FT vedtok samtidig at ordninga skal innrettast slik at ho kjem pasientane som må reise oftast og lengst til gode etter strukturvedtaket i tannhelsetenesta i FT i juni 2016 (sak 25/16).

Ei revidering av forskrifta, og såleis ei justering av refusjonsordninga (frå eigendel per veg til per år), er ein føresetnad for at vi innanfor tannhelsetenesta greier å nå det samla innspæringskravet som er føresettt i sak 25/16.

Endringa går i store trekk ut på å gå frå ein eigenandel per veg på kr. 146,- til ein eigenandel per år på kr. 1000,-. Dette vil også føre til at dei som reiser lengst og oftast får dekkja meir av reise- utgiftene enn tidlegare. I tillegg vil det lette det administrative arbeidet og føre til effektivisering i administrasjonen. Ein ønskjer å lette arbeidet ved å unngå ei stor saksmengd knytt til små beløp.

Den nye modellen for dekking av skyssutgifter blir gjeldande frå 01.01.2017.

Tannhelsetenesta i Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane har utarbeida retningslinjene i nært samarbeid, og målsettinga er at saka om skyssutgifter skal bli handsama i mars 2017 i dei to andre fylka. Vestlandet har valt å følgje same modell som Nordland og Vest-Agder har innført, og endrar forskrifta til å dekke skyssutgifter der eigenandelen overstig kr. 1000,- per kalenderår. Såleis vil vi kunne redusere eigen administrasjon samstundes som ordninga framleis vil fjerne om pasientane som reiser mest. Modellen er ei oppfølging av fylkestinget sitt vedtak i sak 25/16, og i tråd med profilen i vedtaket. Det vil vere ein stor fordel at alle dei tre vestlandsfylka har like retningslinjer for skyssutgifter, også med tanke på ei eventuell regionreform.

I saka er det lagt opp til å endre ei lokal forskrift med grunnlag i lov om tannhelsetenesta. Fylkesrådmannen gjennomfører difor ein enkel høyringsrunde i forkant av fylkestinget si handsaming. Det er vurdert slik at det er tilstrekkeleg med ei høyring avgrensa til ein 14-dagars periode fram mot 2.12.16. Dvs. tilsvarende det som vert nytta i forkant av budsjettvedtaka i kommunesektoren. I desse vedtaka inngår det som måtte vere av årlege betalingsattsar (kommunane), og denne saka har på mange måtar eit tilsvarende preg. Dette inneber igjen at nemnde høyringsperiode starta veka før fylkesutvalet si handsaming, og det er i høyringa teke atterhald om at fylkesutvalet tek saka vidare til fylkestinget. Jf. vedlegg nr. 4.

2. Bakgrunn for saka

I kap. 5 § 5-1 (Fylkeskommunens ansvar for utgifter) i Lov om tannhelsetenesta heiter det:

“Fylkeskommunen skal dekke skyssutgifter i samsvar med forskrift fastsett av fylkeskommunen for pasientar under lov om tannhelsetenester § 143 til dei som ønskjer tannhelsehjelp i Den offentlege tannhelsetenesta”

I Kap 1 § 143 i Lov om tannhelsetenesta er dei prioriterte gruppene definerte slik:

- a. Barn og ungdom frå fødsel til og med det året dei fyller 18 år
- b. Psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjon
- c. Grupper av eldre, langtidssjuka og uføre i institusjon og heimesjukepleie
- d. Ungdom som fyller 19 eller 20 år i behandlingsåret (betaler 25 % av kostnaden)
- e. Andre grupper som fylkeskommunen har vedtatt å prioritere

Den enkelte fylkeskommunen står fritt til å vedta eiga forskrift for dekking av skyssutgifter og bestemmer innhaldet sjølv.

Fylkestinget gjorde 15. juni 2016 i sak 25/16 vedtak om Tannhelsetenesta – ein framtidsretta klinikk- og tenestestruktur, slik (punkt 4 understreka her):

1. Den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane reduserer talet på tannklinikkar frå 28 til 18 innan 01.01.2019. Tannklinikane i Naustdal, Vassenden, Sande, Svelgen, Dale, Selje, Balestrand, Leikanger, Innvik og Hornindal vert avvikla.
2. Førde, Askvoll og Høyanger tannklinikkar vert utvida for å kunne tilby tenester til fleire innbyggjarar.
3. Sentralklinikane og Måløy tannklinik skal ha utvida opningstider.
4. Florø, Stryn og Vågsøy tannklinikkar vert oppgraderte for å svare til moderne kvalitetskrav.
5. Sogn og Fjordane fylkeskommune reviderer forskrifta for dekking av skyssutgifter for pasientar i den offentlege tannhelsetenesta. Ordninga skal innrettast slik at ho kjem pasientane som må reise oftast og lengst for behandling til gode. Fylkestinget får revidert forskrift til handsaming i desember 2016.
6. Kommunar som ynskjer å overta ledige tannlegestolar får overta dei vederlagsfritt.

Endring av fylkestinget si forskrift om dekking av skyssutgifter

Som det går fram av vedtaket i FT 15. juni 2016 er det vedtatt at forskrifta om skyssutgifter no skal reviderast slik at den kjem pasientane som må reise oftast og lengst til gode. Ei revidering av forskrifta, og såleis ei justering av refusjonsordninga, er ein føresetnad for at vi innanfor tannhelse-tenesta greier å nå det samla innsparingskravet som er føresett i sak 25/16.

I dag dekkjer fylkeskommunen skyssutgifter til prioritert klientell i gruppe A, B og C2 etter den rimelegaste reisemåten. Bil kan nyttast om helsetilstand eller rutetider for offentleg transport tilseier at det er mest føremålstenleg. Eigendelen er kr. 146,- per veg i 2016, med unntak av barn under 16 år, som ikkje betaler eigendel. Reiseavstanden må vere over 5 km, og beløp under kr. 100,- blir ikkje refundert. Sjå vedlegg nr. 1 om dekking av skyssutgifter i FT sak 61/10.

Kostnadene med skyssutgifter var i 2014 om lag kr. 500 000,- fordelt på ca. 900 reiserekningar. Eit overslag viser at reiserekningar under kr. 500,- utgjer omlag 75 % av talet reiserekningar, og at ca. 10 % av reiserekningane er på over kr. 1000,-.

Søknader om å få dekka skyssutgifter må no handsamast i fleire administrative ledd før dei går til utbetaling, og ei endring av forskrifta vil lette det administrative arbeidet med å handsame reiserekningane. Vi kan forvente at utgiftene vil bli reduserte i staden for å auke etter vedtaket om ny framtidsretta klinikkstruktur. Fylkesrådmannen vurderer det som føremålstenleg å endre forskrifta om skyssutgifter for å effektivisere den administrative drifta og redusere framtidige kostnader.

Tannhelsetenesta i Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane har utarbeida dei nye retningslinjene i nært samarbeid, og vil alle fremje sak for fylkestinga. Vestlandet har valt å følgje modellen til Nordland og Vest-Agder, og endrar forskrifta til å dekke skyssutgifter der eigenandelen overstig kr. 1000,- per år. Såleis vil vi kunne redusere eigen administrasjon samstundes som ordninga framleis vil famne om pasientane som reiser mest. Det vil vere ein stor fordel at alle dei tre vestlandsfylka har like retningslinjer for skyssutgifter, også med tanke på ei eventuell regionreform.

3. Forslag til endring av forskrift

Framlegg til endring av forskrift om skyssutgifter

Fylkesrådmannen gjer framlegg at vi no går frå eigenandel per veg til eigenandel per år:

Prioriterte pasientgrupper

Lov om tannhelsetenesta seier i § 5-1 at

«Fylkeskommunen skal dekke skyssutgifter i samsvar med forskrift fastsatt av fylkeskommunen for pasienter under § 1-3 som søker tannhelsehjelp i Den offentlige tannhelsetjenesten.»

Dekking av skyssutgifter for pasientar i den offentlege tannhelsetenesta gjeld berre dersom pasienten ikkje får dekka reisa på anna måte.

Tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane dekkjer skyssutgifter for prioritert klientell i gruppe A, B og C2 jf. Lov om tannhelsetenesta. Ordninga inngår ikkje i frikortordningar, og alle søknader om skyssrefusjon skal handsamast av den offentlege tannhelsetenesta.

- Det er den rimelegaste reisemåten (buss, båt) som vert dekka. Bil kan nyttast dersom helsetilstanden til pasienten eller rutetider for offentleg transport tilseier at dette er mest hensiktsmessig.
- Pasienten/føresette må sjølv betale reisekostandane og få refundert desse i etterkant.
- Eigenandelen på kr. 1000,- er per kalenderår.
- Ved bruk av privat bil vil taksten per km følgje Helsenorge.no sin standardsats for transport, fastsatt årleg av Stortinget.
- Overnatting vert ikkje dekka.
- Utlegg for følgje etter at pasienten har fylt 12 år blir ikkje dekka.
- Tapt arbeidsforteneste for ledsagar vert ikkje dekka.
- Søknad om dekking av reiseutgifter må vere innsendt innan utgangen av året.

- Fylkesutvalet er klageinstans.
- Forskrifta tek til å gjelde frå 1. januar 2017.

Pasient/føresette må fylle ut skjema for krav om dekking av skyssutgifter. Originale kvitteringar skal leggst ved kravet. Tannklinikken må så attestere og sende kravet direkte til Løn og rekneskapstenesta for scanning og utbetaling. Skjemaet vil kome som ei faktura til godkjenning i rekneskapsystemet. Tannklinikken må sjå til at skjema er korrekt utfyllt og at skjema er lesbart før innsending. Ufullstendig utfyllt skjema vert returnert tannklinikken for handsaming.

Tannhelsetenesta vil jobbe med digitaliserte løysingar for innsending av reiserekningar.

Uprioriterte pasientgrupper

Krav som gjeld gruppe F (vaksne betalende pasientar), og som har krav etter Folketrygdelova §5-6, sendast Helsenorge.no. Sogn og Fjordane fylkeskommune dekkjer ikkje skyssutgifter for andre enn pasientar i gruppe A, B og C2.

Reglane vert gjeldande frå 01.01.2017.

4. Vurderingar og konsekvensar

Økonomi/budsjettmessige konsekvensar

Ved å revidere forskrift for dekking av skyssutgifter i Den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane har vi eit potensiale til å spare om lag kr 0,2 mill. årleg. Ei slik innsparing er tatt med i innsparingstiltaka til tannhelsetenesta fram mot 2019.

Sparinga kjem av at administrasjonen ikkje lenger behandlar småbeløp, medan dei som reiser lengst og oftast får dekka meir enn før.

Revisjon av forskrifta om skyssutgifter vil lette det administrative arbeidet og vil føre til effektivisering i administrasjonen.

Eksempel på utgifter før og etter endring:

Eksempel	Før endring		Etter endring	
	Eigenandel	THT dekker	Eigenandel	THT dekker
Gr. C2 drosje 1000 kr per besøk				
1 besøk	292 kr	708 kr	1000 kr	0
3 besøk	876 kr	2124 kr	1000 kr	2000 kr
10 besøk	2920 kr	7080 kr	1000 kr	9000 kr
Gr. C2 privat bil Stad-Måløy				
1 besøk	360 kr	0	360 kr	0
3 besøk	876 kr	204 kr	1000 kr	80 kr
10 besøk	2920 kr	680 kr	1000 kr	2600 kr
Gr. A privatbil Stad-Måløy				
1 besøk	0	360 kr	360 kr	0
3 besøk	0	1080 kr	1000 kr	80 kr
10 besøk	0	3600 kr	1000 kr	2600 kr

Tabellen syner at det er pasientane som reiser lengst og mest som kjem betre ut med nyordninga.

Døma ovanfor syner pasientar med ein av dei lengste reisevegane i fylket. Dei fleste pasientane i prioriterte grupper er innom ein tannklinikk ein gong i året eller sjeldnare og får heller ikkje dag utbetalt refusjonar.

Ut frå tabellen ser vi at tannhelsetenesta etter ny modell ikkje dekker eigenandelar under 1000 kr, men dekker for eksempel 2600 kr mot 680 kr per dags dato for gr. C2 (pasientar med heime-sjukepleie) som har 10 besøk og må reise 61 km per tur med privatbil og ledsagar. For 10 besøk med drosje der drosjeturen kostar 1000 kr per besøk, dekker tannhelsetenesta etter ny modell 9000 kr, mot 7080 kr per i dag.

Sjå også vedlegg 2 for utrekningar.

Hovudtrekk i endringane

Hovudtrekka i endringa er at ein går bort frå ein eigenandel per veg til ein eigenandel per år. Den årlege eigenandelen vil vere 1000 kr for pasientar i gruppe A, B og C2. Dette er dei same retnings-linjene som Hordaland og Rogaland vil føreslå for sine fylkesting, og det er ein stor fordel at vi har dei same retningslinjene i dei tre vestlandsfylka.

Handsaming

Når det gjeld handsaming av krava som kjem inn vert dette gjort administrativt av tannhelsetenesta og ev. klager vert i første omgang handsama av fylkesrådmannen ved direktør for tannhelsetenesta. Dersom klagen ikkje vert teken til følge, vert denne send over til fylkesutvalet som klagenemnd. Dette er også vanleg klagegang i andre tannhelse-relaterte saker.

5. Konklusjon

Fylkestinget vedtok i sak 25/16 at Sogn og Fjordane fylkeskommune skal revidere forskrifta for dekking av skyssutgifter for pasientar i den offentlege tannhelsetenesta. Ordninga skal innrettast slik at ho kjem pasientane som må reise oftast og lengst til gode.

Ei revidering av forskrifta, og såleis ei justering av refusjonsordninga (frå eigendel per veg til eigendel per år m.m.), er ein føresetnad for at vi innanfor tannhelsetenesta greier å nå det samla innsparingskravet som er føresett i FT-sak 25/16.

Endringa inneber at ein går frå ein eigenandel per veg på kr. 146,- til ein eigenandel per år på kr. 1000,- Dette vil lette det administrative arbeidet og føre til effektivisering i administrasjonen. Ein ønskjer m.a. å lette arbeidet ved å unngå ei så stor saksmengd knytt til små beløp. Vi kan forvente at utgiftene vil bli reduserte i staden for å auke etter vedtaket om ny framtidssretta klinikkstruktur. Det vil også føre til at dei som reiser lengst og oftast får dekka meir av reiseutgiftene enn tidlegare.

Den nye modellen blir gjeldande frå 01.01.2017.

Tannhelsetenesta i Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane har utarbeida dei nye retningslinjene i nært samarbeid, og vil alle fremme saka for sine fylkesting. Vestlandet har valt å følge modellen til Nordland og Vest-Agder, og endrar forskrifta til å dekke skyssutgifter der eigenandelen overstig kr. 1000,- per kalenderår. Såleis vil vi kunne redusere eigen administrasjon samstundes som ordninga framleis vil famne om pasientane som reiser mest. Modellen er ei oppfølging av fylkes-tinget sitt vedtak i sak 25/16, og i tråd med profilen i vedtaket. Det vil vere ein stor fordel at alle dei tre vestlandsfylka har like retningslinjer for skyssutgifter, også med tanke på ei eventuell regionreform.